

Protokoll:
Årsmøte i Vinje Løypelag

Vinje Løypelag org nr 994 883 577 kalla inn til årsmøte på Haugsæl 18. februar 2018. Det var ti frammøtte medlemmer.

Saksliste:

- 1. Godkjenning av innkalling og saksliste.**
- 2. Rekneskap og årsmelding. Fastsetjing av kontingent.**
- 3. Vedtektsendring § 4 endre frå 3 styremedlemmar til 5 styremedlemmar.**
- 4. Utviking og rydding av løypenett.**
- 5. Val.**

1. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Løypelaget er rett innkalla. Diverse forslag kjem opp som delar av sakslista. Øystein Høgetveit vart dirigent, Ingvald Bjåland skrivar og Kari Rustberggård og Tor Eivind Erkstein skal skrive under protokollen.

2. Rekneskap og årsmelding. Fastsetjing av kontingent.

Øystein Høgetveit la fram rekneskap for 2017, og las opp årsmeldinga. Rekneskapet visar eit overskot på kr 40.259,08. Rekneskapet vart godkjent. Løypelaget vedtok å justere medlemskontingenten til kr 360,00 for året 2019.

3. Vedtektsendring § 4 endre frå 3 styremedlemmar til 5 styremedlemmar.

Løypelaget vedtok samrøystes å endre § 4 første setning til å lyde: «Styret skal ha 5 medlemmar valde på årsmøtet.» og § 4 fjerde setning til å lyde: « Årsmøtet vel leiar og kasserar blant dei 5 i styret.»

4. Utviking og rydding av løypenett.

Noko diskusjon om parkering og løypelagets ansvar. Løypelaget vel å ikkje ta stilling til parkering anna enn på «Torvhesja» på Våmartveitvegen, der det er plass til seks bilar.

Viss løypelaget får midlar utanom dugnadsarbeid vil vi legge noko bekkerør i traseen der vi finn det naudturft. Elles noko planering og liknande. Dersom løypelaget kjem fram til semje med ulike grunneigarar vil vi gjera meir arbeid på løypa frå Bøgrend til Kostveit. Viss vi får det rekningsvarande vil vi marknadsføre «Vipps» for støtteinnkome til løypelaget. Styret vil arbeide med dette.

Knut Erik Jordstøyl informerte om arbeid med skutertrase mellom Birkjebekk og Kostveit. Dette har no løyst seg og er til godkjenning i kommunen. Det er bra.

5. Val.


- | | |
|-------------------|--------------------|
| 1. Styrets leiar: | Aslak Krossbakken. |
| 2. Kasserar: | Solveig Ringhus |
| 3. Styremedlem: | Arne Johnsen |
| 4. Styremedlem: | Arild Nordheim |
| 5. Styremedlem: | Ingvald Bjaaland |

Val ved akklamasjon. Ingen motforslag.

Møtet heva.



Ingvald Bjaaland
Skrivar



Kari Rustberggard



Tor Eivind Erikstein